



Arkivnr: 2015/12620-11

Saksbehandlar: Matti Torgersen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		10.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019

Oppstart av utgreiingar om ny(e) samferdselspakke/ar på Haugalandet**Samandrag**

Rogaland fylkeskommune har sendt over ei prinsippsak til kommunane på Haugalandet og til Hordaland fylkeskommune om oppstart av nye utgreiingar om ny(e) samferdselselspakk(r) på Haugalandet som kan setjast i drift etter at noverande Haugalandspakke blir avslutta i 2023. Prinsippvedtak i kommunane inneber i denne omgang at det berre vert lagt opp til tilslutning til å starta utgreiingar, mens spørsmålet om eventuell igongsetting av samferdselselspakk(r) blir teke opp til handsaming først når det faglege grunnlaget er ferdigstilt.

Det er tilrådd å dele vidare arbeid med samferdselselspakk(r) på Haugalandet i ein bypakk, samt eigne strekningsvise pakkar for aktuelle strekningar på E134, E39 og Fv47.

Etne og Sveio kommunar har gitt sin tilslutnad til oppstart av utgreiingar.

Økonomi: Utgreiingane må vurdere eventuelle fylkeskommunale bidrag i samferdselselspakkene.

Klima: Verknader for klima av nye samferdselselspakk(r) blir tema i utgreiingane.

Folkehelse: Verknader for folkehelse blir tema i utgreiingane.

Regional planstrategi: Utgreiingane skal byggja på Regional areal og transportplan for Haugalandet, og vil såleis bidra til å realisere ambisjonar i regional planstrategi.

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune kommune sluttar seg til at kommunane, fylkeskommunane og Statens vegvesen startar arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselselspakk(r) på Haugalandet som skal løyse samferdselsutfordringar i kommunane.
2. Vidare brukarbetaling på Haugalandet etter at Haugalandspakken er avslutta i 2023 blir fremja i ein by- og tettstadspakk, samt eigne strekningsvise pakkar for aktuelle strekningar på E134, E39 og Fv47.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 08.03.2019

Bakgrunn

Rogaland fylkeskommune har i brev datert 17. januar sendt over ei prinsippsak til kommunane på Haugalandet og til Hordaland fylkeskommune om oppstart av nye utgreiingar om ny(e) samferdselspakke(r) på Haugalandet som kan setjast i drift etter at noverande Haugalandspakke blir avslutta i 2023. Prinsippvedtak i kommunane inneberer i denne omgang berre tilslutning til at det vert starta utgreiingar, mens spørsmålet om eventuell igangsetting av samferdselspakkene blir teke opp til handsaming først når det faglege grunnlaget er ferdigstilt.

Om noverande Haugalandspakke

Haugalandspakken starta opp i 2008 og blir avvikla i 2023, og er ein utbyggings- og finansieringsplan med sikte på utvikling av transportsystemet på Haugalandet. Haugalandspakken vert finansiert av bompengar, statlege midlar og fylkeskommunale midlar.

Pakken omfattar hovudsakleg ei standardheving av dei to viktigaste transportårene gjennom regionen, dvs. E134 mellom Haugesund og Etne og fv. 47 gjennom Sveio, Haugesund og Karmøy. Det er i tillegg ein del tiltak på fylkesvegane. Totalt består pakken av om lag 70 prosjekt, av desse om lag 25 vegprosjekt og om lag 30 reine g/s- prosjekt. I tillegg består den av oppgradering av kollektivstopp langs riks- og fylkesvei og trafikksikringsprosjekt. Totalramme er om lag 5,6 milliardar, der 69 prosent går til veganlegg og 31 prosent til gang/sykkel, trafikksikring og kollektivtiltak.

Fv 6 Buamyr–Grimstvedt i Sveio kommune er ferdigstilt som del av pakken. Eit større prosjekt som er under planlegging er Fv47 Fagheim-Ekrene som går delvis i Sveio kommune og delvis i Haugesund kommune. I Etne er det følgjande prosjekt under planlegging på E134:

- Mørkelikrysset
- Etne sentrum
- Etne-Steine (gang- og sykkelveg)

Eventuelle ny(e) pakke(ar)

I brevet frå Rogaland fylkeskommune blir det presisert at ei vidare utvikling av overordna infrastruktur på Haugalandet må vidareutviklast ved hjelp av ordinære statlege og fylkeskommunale midlar, om det ikkje blir etablert ny(e) samferdselspakke/ar.

Det vil i arbeidet bli lagt til grunn at ein pakke vil ta utgangspunkt i nasjonale føringar og i regionale planar. I tillegg til Nasjonal transportplan, er desse særleg viktige:

- «Regionalplan for areal og transport på Haugalandet» (ATP Haugalandet) vart vedteke av Rogaland og Hordaland fylkesting i 2016. Planen byggjer på hovudstrategien «By og tettsted» og skal bidra til å bygge opp om by- og tettsteds- og grendesentra i regionen, slik at dei kan gje rom for vekst og utbygging, styrke møteplassar og lokal identitet, gje korte avstandar til daglege funksjonar og gjere det enkelt å gå, sykle eller ta bussen.
- Konseptvalutreilinga (KVU) for Haugesundområdet skildrar ein strategi for framtidig transport og transportinfrastruktur i Haugsund og delar av omegnksommunane Tysvær, Karmøy og Sveio. KVUen tar utgangspunkt i nullvekstmål for byområdet Haugesund, og synleggjer at dette er oppnåeleg ved ei samla verkemiddelbruk.

Det er primært i dei bynære områda i Haugesund, Karmøy og vestre del av Tysvær, og i tillegg riksvegnettet E134 og E39, at trafikkgrunnlaget er stort nok til at bompengar kan gje vesentlig inntening og ha effekt som supplement til statleg og fylkeskommunal finansiering.

Det er tilrådd å dele vidare arbeid med samferdselspakkene på Haugalandet i ein bypakke, samt eigne strekningsvise pakkar for aktuelle strekningar på E134 og E39.

Det er førebels vurdert at det er tre aktuelle moglege innretningar av ein bypakke.

- Alternativ 1 omfattar byområdet på Haugalandet med utgangspunkt i byutvikling og transportutfordringar i byområdet med hovudfokus på tiltak som fremjar gåing, sykling og kollektivtransport. Ei slik avgrensing omfattar i utgangspunktet både Haugesund og Karmøy, eventuelt berre Haugesund kommune.
- Alternativ 2 omfattar byområdet og større tettstader i Karmøy, Tysvær og eventuelt Sveio. Pakken vil i så fall kunne omfatte tettstadsutvikling og transporttiltak internt i desse tettstadene, med hovudfokus på gåing og sykling.
- Alternativ 3 er byområdet, større tettstader og «bynære hovudakser». Bypakken vil i så fall omfatte både dei større tettstadene med fokus på gåing og sykling internt, og dei største transportstraumane inn og ut av byområdet, med m.a. moglegheit for å utvikle gode forstadsruter for kollektivtransport.

For E134 og E39 kan det være aktuelt å etablere strekningsvise bompengeprosjekt. På E134 er det særleg aktuelt å vurdere ei bompengepakke for strekninga Bakka-Solheim som går gjennom Etne og Vindafjord kommunar. Det ligg føre godkjend kommunedelplan for strekninga. Realisering av prosjektet krev statleg delfinansiering. Prosjektet er ikkje prioritert i NTP 2018-2029.

På det øvrige fylkeskommunale vegnettet er trafikkgrunnlaget gjennomgåande lågare og inntening frå brukarbetaling vil vere betydeleg mindre. Som følgje av «nytteprinsippet», er det dermed ikkje grunnlag for bompengefinansiering av fylkesvegnettet i distrikta. Dette må i staden bli finansiert gjennom ordinære fylkeskommunale midlar.

Det vil bli oppretta arbeidsgruppe(r) der både berørte kommunar, fylkeskommunar og Statens Vegvesen deltek. Det er føreslått at styringsgruppa for Haugalandspakken fungerer som referansegruppe for arbeidet. Når utgreiingsarbeidet er fullført og godkjende i Vegdirektoratet, vil saka bli sendt til høyring til berørte kommunar og fylkeskommunar som gjer endeleg og bindande vedtak om deltaking i pakken(e). Etter dette går saka til Vegdirektoratet før endeleg vedtak i Stortinget.

Framlegg til innstilling frå styringsgruppa for Haugalandspakken

Styringsgruppa for Haugalandspakken tilrår alle kommunane å vedta:

1. (Navn) kommune gir tilslutning til at kommunene, fylkeskommunene og Statens vegvesen starter arbeid med plangrunnlag og finansieringsopplegg for ny(e) samferdselspakke(r) på Haugalandet som skal løse samferdselsutfordringer i kommunen(e).
2. Videre brukerbetaling på Haugalandet etter at Haugalandspakken er avsluttet i 2023 fremmes i en by- og tettstedspakke, samt egne strekningsvise pakker for aktuelle strekninger på E134, E39 og Fv.47.»

Det er presisert i brevet frå Rogaland fylkeskommune at vidare utgreiing av samferdselspakke/ar krev likelydande vedtak. Eventuelle avvikande vedtak frå ein eller fleire kommunar kan forventast å gje utsetjing eller behov for ny handsaming. Det vert difor rådd til å enten gje tilslutnad med same ordlyd, eller å ikkje gje tilslutnad.

Etne kommunestyre gjorde vedtak i tråd med denne innstillinga 14. februar 2019 og Sveio kommunestyre same vedtak 18 februar 2019.

Fylkesrådmannen har avvera vedtak i dei to kommunane, og det har også vore et møte på administrativt nivå med dei to kommunane og Statens Vegvesen.

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Det er neppe grunnlag for å kunne byggje ut infrastrukturen i verken byområda/tettstadene eller på hovudvegane utan delfinansiering gjennom bompengar. Det er framleis store uløyste samferdselsbehov på Haugalandet, ikkje minst for å kunne oppnå ein meir effektiv og miljøvennlig transport i området.

I denne omgang gjeld det å gjere eit vedtak om å utgreie nye pakkar. Endeleg vedtak om ny(e) pakke/ar kommer seinare, truleg i løpet av 2020 eller 2021. I den vidare prosessen må det avklarast både om det blir

ein eller fleire pakkar/strekningsvise prosjekt, kva for prosjekt som skal inngå, samt finansieringsopplegg. Kommunestyra og fylkestinget vil då ha moglegheit til å ta stilling til om ein ønskjer å gå vidare med pakker, og korleis dei skal verte innretta. Fylkesrådmannen registrerer at kommunane Etne og Sveio har gjort vedtak om å gå vidare med å utgreie ny(e) samferdselspakke/ar for Haugalandet, og rår fylkesutvalet til å slutte seg til dette.

Fylkesrådmannen viser elles til at det er viktig med likelydande vedtak i alle kommunane og i fylkeskommunane. Eventuelle andre vedtaksformuleringar kan føre til at det blir behov for ny handsaming i kommunane og i fylkeskommunen.